

KOMMISJONSREKOMMANDASJON

2009/EØS/63/63

av 11. april 2006

om risikoreduserande tiltak for stoffa dibutylftalat; 3,4-dikloranilin; di-«isodecyl»ftalat; 1,2-benzendikarboksylyse, di-C₉₋₁₁-forgreina alkylesterar, C₁₀-rike; di-«isononyl»ftalat; 1,2-benzendikarboksylyse, di-C₈₋₁₀-forgreina alkylesterar, C₉-rike; etylendiamintetraacetat; metylacetat; kloreddiksyre; n-pentan; tetranatriumetylendiamintetraacetat(*)

(2006/283/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

som viser til rådsforordning (EØF) nr. 793/93 av 23. mars 1993 om vurdering og kontroll av risikoer ved eksisterende stoffer⁽¹⁾, særleg artikkel 11 nr. 2, og

ut frå desse synsmåtane:

1) Innanfor ramma av forordning (EØF) nr. 793/93 er dei følgjande stoffa utpeikte som prioriterte stoff som bør vurderast i samsvar med kommisjonsforordning (EF) nr. 1179/94⁽²⁾, (EF) nr. 2268/95⁽³⁾ og (EF) nr. 143/97⁽⁴⁾ med omsyn til høvesvis den første, andre og tredje lista over prioriterte stoff i samsvar med forordning (EØF) nr. 793/93:

- dibutylftalat,
- 3,4-dikloranilin,
- etylendiamintetraacetat,
- metylacetat,
- tetranatriumetylendiamintetraacetat,
- di-«isodecyl»ftalat,
- 1,2-benzendikarboksylyse, di-C₉₋₁₁-forgreina alkylesterar, C₁₀-rike,
- di-«isononyl»ftalat,
- 1,2-benzendikarboksylyse, di-C₈₋₁₀-forgreina alkylesterar, C₉-rike,
- n-pentan,
- kloreddiksyre.

2) Dei rapporterende medlemsstatane som er peikte ut i medhald av desse forordningane, har fullført vurderinga si av dei risikoane som desse stoffa inneber for menneske og miljø i samsvar med kommisjonsforordning (EF) nr. 1488/94 av 28. juni 1994 om prinsippene for vurdering av risikoer for menneske og miljø ved eksisterende stoffer⁽⁵⁾, og har gjort framlegg om ein strategi for å avgrense desse risikoane i samsvar med forordning (EØF) nr. 793/93.

3) Vitskapsutvalet for toksisitet, økotoksisitet og miljø (CSTEE) er vorte rådspurt og har gjeve fråsegner om dei risikovurderingane som dei rapporterende medlemsstatane har gjort. Fråsegnene er offentleggjorde på nettstaden til Vitskapsutvalet.

4) Resultata av risikovurderinga og ytterlegare resultat av strategiane for å avgrense risikoane er å finne i den tilhøyrande kommisjonsmeldinga⁽⁶⁾.

5) På bakgrunn av den nemnde vurderinga er det føremålstenleg å tilrå visse risikoreduserande tiltak for visse stoff.

6) Dei risikoreduserande tiltaka som er tilrådde for arbeidstakarar, bør sjåast i samanheng med regelverket for arbeidarvern, som vert rekna for å gje ei tilstrekkeleg ramme for å avgrense risikoane i samband med dei aktuelle stoffa i det omfanget som er naudsynt.

7) Dei tiltaka som er fastsette i denne rekommandasjonen, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 15 nr. 1 i forordning (EØF) nr. 793/93 —

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 104 av 13.4.2006, s. 45, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 117/2006 av 22. september 2006 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 60, 30.11.2006, s. 31.

⁽¹⁾ TEF L 84 av 5.4.1993, s. 1.

⁽²⁾ TEF L 131 av 26.5.1994, s. 3.

⁽³⁾ TEF L 231 av 28.9.1995, s. 18.

⁽⁴⁾ TEF L 25 av 28.1.1997, s. 13.

⁽⁵⁾ TEF L 161 av 29.6.1994, s. 3.

⁽⁶⁾ TEU C 90 av 13.4.2006.

TILRÅR FØLGJANDE:

Innanfor ramma av dette

DEL 1

DIBUTYLFTALAT**(CAS-nr. 84-74-2, EINECS-nr. 201-557-4)****Risikoreduserande tiltak for miljøet (1, 2)**

1. Dei rette styresmaktene i dei aktuelle medlemsstatane bør i dei løyva som vert utferda i samsvar med rådsdirektiv 96/61/EF⁽¹⁾, fastsetje vilkår, utsléppsgrenseverdiar eller tilsvarende parametarar eller tekniske tiltak med omsyn til dibutylftalat, for at dei beste tilgjengelege teknikkane skal kunne nyttast ved dei aktuelle anlegga innan slutten av oktober 2007, samstundes som det vert teke omsyn til dei tekniske eigenskapane til anlegga, den geografiske plasseringa deira og dei lokale miljøtilhøva.
2. Medlemsstatane bør overvake gjennomføringa av dei beste tilgjengelege teknikkane nøye med omsyn til dibutylftalat, og melde frå til Kommisjonen om alle viktige framsteg innanfor ramma av informasjonsutvekslinga om dei beste tilgjengelege teknikkane.

DEL 2

3,4-DIKLORANILIN**(CAS-nr. 95-76-1, EINECS-nr. 202-448-4)****Risikoreduserande tiltak for arbeidstakarar (3) og miljøet (4, 5)**

3. Arbeidstakarar som i produksjon og vidare handsaming nyttar 3,4-dikloranilin til føremål som i risikovurderinga vert rekna for problematiske, bør vere merksame på alle særlege retningslinjer for reingjering, vedlikehald og reparasjon som er utarbeidde på nasjonalt plan på grunnlag av dei praktiske, ikkje-bindande retningslinjene som Kommisjonen har utarbeidd i samsvar med artikkel 12 nr. 2 i rådsdirektiv 98/24/EF⁽²⁾.

Det gjeldande fellesskapsregelverket for plantevernmiddele (rådsdirektiv 91/414/EØF⁽³⁾) og for biocidprodukt (europaparlaments- og rådsdirektiv 98/8/EF⁽⁴⁾) vert rekna for å gje ei tilstrekkeleg ramme for avgrensing av risikoane i samband med stoffet i det omfanget som er naudsynt, og skal difor nyttast.

⁽¹⁾ TEF L 257 av 10.10.1996, s. 26.

⁽²⁾ TEF L 131 av 5.5.1998, s. 11.

⁽³⁾ TEF L 230 av 19.8.1991, s. 1.

⁽⁴⁾ TEF L 123 av 24.4.1998, s. 1.

4. bør det takast omsyn til opplysningane frå risikovurderinga av 3,4-dikloranilin som vert frigjort frå diuron som vert nytta som ugrasmiddel på tette overflater,

5. bør feil bruk av diuron i små pakker hindrast.

DEL 3

ETYLENDIAMINTETRAACETAT**(CAS-nr. 60-00-4, EINECS-nr. 200-449-4)****Risikoreduserande tiltak for miljøet (6, 7, 8, 9)**

6. For dei nedbørfelta der utslépp av etylendiamintetraacetat (EDTA) kan utgjere ein risiko, bør den aktuelle medlemsstaten fastsetje miljøkvalitetsstandardar, og dei nasjonale ureiningsreduserande tiltaka som er naudsynte for å stette desse standardane innan 2015, bør inngå i forvaltingsplanen for nedbørfelta i samsvar med føresegnene i europaparlaments- og rådsdirektiv 2000/60/EF⁽⁵⁾.
7. Dei rette styresmaktene i dei aktuelle medlemsstatane bør i dei løyva som vert utferda i samsvar med direktiv 96/61/EF, fastsetje vilkår, utsléppsgrenseverdiar eller tilsvarende parametarar eller tekniske tiltak med omsyn til EDTA, for at dei beste tilgjengelege teknikkane skal kunne nyttast ved dei aktuelle anlegga innan slutten av oktober 2007, samstundes som det vert teke omsyn til dei tekniske eigenskapane til anlegga, den geografiske plasseringa deira og dei lokale miljøtilhøva.
8. Medlemsstatane bør overvake gjennomføringa av dei beste tilgjengelege teknikkane nøye med omsyn til EDTA, og melde frå til Kommisjonen om alle viktige framsteg innanfor ramma av informasjonsutvekslinga om dei beste tilgjengelege teknikkane.
9. Lokale utslépp i miljøet bør, der det er naudsynt, vere underlagde nasjonale føresegner for å sikre at dei ikkje utgjere ein risiko for miljøet.

⁽⁵⁾ TEF L 327 av 22.12.2000, s. 1.

DEL 4

METYLACETAT**(CAS-nr. 79-20-9, EINECS-nr. 201-185-2)****Risikoreducerande tiltak for arbeidstakarar (10)**

10. Arbeidstakarar i byggjeindustrien som ved arbeid med golvdekke nyttar produkt som inneheld metylacetat, bør vere merksame på alle særlege retningslinjer som er utarbeidde på nasjonalt plan på grunnlag av dei praktiske, ikkje-bindande retningslinjene som Kommisjonen har utarbeidd i samsvar med artikkel 12 nr. 2 i direktiv 98/24/EF.

DEL 5

KLOREDDIKSYRE**(CAS-nr. 79-11-8, EINECS-nr. 201-178-4)****Risikoreducerande tiltak for arbeidstakarar (11) og miljøet (12, 13, 14)**

11. Arbeidstakarar som nyttar kloreddiksyre til føremål som i risikovurderinga vert rekna for problematiske, bør vere merksame på alle særlege retningslinjer som er utarbeidde på nasjonalt plan på grunnlag av dei praktiske, ikkje-bindande retningslinjene som Kommisjonen har utarbeidd i samsvar med artikkel 12 nr. 2 i direktiv 98/24/EF.
12. Dei rette styresmaktene i dei aktuelle medlemsstatane bør i dei løyva som vert utfërda i samsvar med direktiv 96/61/EF, fastsetje vilkår, utsleppsgrenseverdiar eller tilsvarande parametarar eller tekniske tiltak med omsyn til kloreddiksyre, for at dei beste tilgjengelege teknikkane skal kunne nyttast ved dei aktuelle anlegga innan slutten av oktober 2007, samstundes som det vert teke omsyn til dei tekniske eigenskapane til anlegga, den geografiske plasseringa deira og dei lokale miljøtilhøva.
13. Medlemsstatane bør overvake gjennomføringa av dei beste tilgjengelege teknikkane nøye med omsyn til kloreddiksyre, og melde frå til Kommisjonen om alle viktige framsteg innanfor ramma av informasjonsutvekslinga om dei beste tilgjengelege teknikkane.
14. Lokale utslepp i miljøet bør, der det er naudsynt, vere underlagde nasjonale føresegnar for å sikre at dei ikkje utgjer ein risiko for miljøet eller ein indirekte risiko for menneske.

DEL 6

TETRANATRIUMETYLENDIAMINTETRAACETAT**(CAS-nr. 64-02-8, EINECS-nr. 200-573-9)****Risikoreducerande tiltak for miljøet (15, 16, 17, 18)**

15. For dei nedbørfelta der utslepp av tetranatriumetylendiamintetraacetat (Na_4EDTA) kan utgjere ein risiko, bør den aktuelle medlemsstaten fastsetje miljøkvalitetsstandardar, og dei nasjonale ureiningsreducerande tiltaka som er naudsynt for å stette desse standardane innan 2015, bør inngå i forvaltingsplanen for nedbørfelta i samsvar med føresegnene i direktiv 2000/60/EF.
16. Dei rette styresmaktene i dei aktuelle medlemsstatane bør i dei løyva som vert utfërda i samsvar med direktiv 96/61/EF, fastsetje vilkår, utsleppsgrenseverdiar eller tilsvarande parametarar eller tekniske tiltak med omsyn til Na_4EDTA , for at dei beste tilgjengelege teknikkane skal kunne nyttast ved dei aktuelle anlegga innan slutten av oktober 2007, samstundes som det vert teke omsyn til dei tekniske eigenskapane til anlegga, den geografiske plasseringa deira og dei lokale miljøtilhøva.
17. Medlemsstatane bør overvake gjennomføringa av dei beste tilgjengelege teknikkane nøye med omsyn til Na_4EDTA , og melde frå til Kommisjonen om alle viktige framsteg innanfor ramma av informasjonsutvekslinga om dei beste tilgjengelege teknikkane.
18. Lokale utslepp i miljøet bør, der det er naudsynt, vere underlagde nasjonale føresegnar for å sikre at dei ikkje utgjer ein risiko for miljøet.

DEL 7

ADRESSATAR

19. Denne rekommandasjonen er retta til alle sektorar der det går føre seg import, produksjon, transport, lagring, iblanding i ei stoffblanding eller andre former for handsaming, bruk, disponering eller attvinning av stoffa, og til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 11. april 2006.

For Kommisjonen

Stavros DIMAS

Medlem av Kommisjonen